

Kjemperesultat av Håvard S. Eik i skyting.

26.06.2014

Skyttaren Håvard S. Eik(23) har i dag hatt ein fantastisk dag på skytebanen. Han har vore i Vats og skote i Vindafjordstemnet. Der slo han til med 348 poeng og ny banerekord. Det betyr at Håvard treffe 10`aren med heile 33 av dei 35 skota. Fantastisk.

Vindafjordstemnet starta i dag, og held fram til søndag så Håvard veit førebels ikkje kva plassering han får. Med sine 348 poeng skulle han liggje godt an til topp- plassering.

- Du har tydelegvis toppforma inne, Håvard?

- Jo, Men dette var no litt uventa, då, seier den strålende fornøgde skyttarene som dimmiterte frå Garden for eit par månader sidan. Han fortel at han skaut ein del under militærtenesta, men at det var ein heilt annan type skyting som går meir på hurtighet.

- Siste par månadene har eg konkurrert ein del. Det har jo gått bra, eg har vel vore opp på 340 poeng, men dette vert noko heilt anna. Ja, dette var uventa!

Den fornøgde ungguten fortel at han skal delta på Vestlandsstemnet, som i år er på Voss, neste helg. Der er det påmeldt 5-6 hundre deltakarar frå heile Vestlandet. Der skal dei skyta både bane og felt.

Siste helga i juli og ei veke framover er staden Sandnes. Då vert nemleg årets høgdepunkt, Landsskyttarstemnet, arrangert der.

Vi ønskjer Håvard og andre lokale skyttarar lukke til, og seier tvi tvi.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland